

# **Verdiar i Sogndalselvi, Sogndal kommune i Sogn og Fjordane**

VVV-rapport 2001-31



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med  
Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

*Refererast som:*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdiar i Sogndalselvi, Sogndal kommune i Sogn og Fjordane.*

*Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat.*

*VVV-rapport 2001-31. Trondheim*

*46 sider, 5 kart + vedlegg*

*Forsidefoto(s): Ole Kristian Spikkeland, Dalavatnet mot sør*

*Forsidelayout: Knut Kringstad*

# **Verdiar i**

## **Sogndalselvi, Sogndal kommune**

### **i Sogn og Fjordane**

**Vassdragsnr.: 077.3Z**

**Verneobjekt: 077/1**

**Verneplan IV**

**VVV-rapport 2001-31**



<b>Tittel</b> <i>Verdiar i Sogndalselvi</i>	<b>Dato</b> <i>Kunnskapsstatus 27.07.2001</i>	<b>Antall sider</b> <i>46 s + 5 kart + vedlegg</i>
<b>Forfatter</b> <i>Ole Kristian Spikkeland</i>	<b>Institusjon</b> <i>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</i>	<b>Ansvarlig sign</b> <i>Jofred Takle</i>
<b>TE-nr.</b> 997	<b>ISSN-nr.</b> 1501-4851	<b>ISBN-nr.</b> 82-7072-507-2
<b>Vassdragsnavn</b> <i>Sogndalselvi</i>	<b>Vassdragsnummer</b> 077.3Z	<b>Fylke</b> <i>Sogn og Fjordane</i>
<b>Vernet vassdrag nr</b> 077/1	<b>Antall objekter/delområder</b> 30 (+ 6 kulturmiljø)	<b>Kommuner</b> <i>Sogndal (Luster)</i>
<b>Antall delområder med Nasjonal verdi (***)</b> 2	<b>Antall delområder med Regional verdi (**)</b> 6	<b>Antall delområder med Lokal verdi (*)</b> 22
<b>EKSTRAKT</b>		
Sogndalselvi ligg hovudsakleg i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane. Berre eit mindre areal i nordaust tilhører Luster kommune. Vassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1993.		
<p><i>VVV-prosjektet (Verdiar i verna vassdrag)</i> er initiert av Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Formålet er å kartlegge og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, på oppdrag frå DN og NVE, presenterer i denne rapporten dokumentasjon av kjende natur- og kulturfaglege verdiar i og ved Sogndalselvi.</p> <p>Sogndalselvi spenner over forskjelle geografiske naturtypar frå fjord til høgfjell med innslag av brear. Delar av nedbørfeltet ligg innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Det knyter seg naturfagleg interesse til ei mektig endemorene sør for Anestølsvatnet og eit breelvdelta som viser marin grense ved Skjeldestad. Vassdraget har fleire raudlista fugle- og pattedyrartar og ein av regionen sine aller viktigaste lokalitetar for andefuglar. Skogsområda har eit uvanleg rikt artsutval av spettar og sporvefuglar. I Sogndalsdalen opptrer både oseaniske og austlege planteartar saman. Ein del sjeldsynte artar førekjem. I Fremstedalen finst eit sjeldant velutvikla bestand av gråor-heggeskog. Sogndalselvi er lakse- og sjøaureførande. Ferskvassfaunaen er svært artsrik. Vassdraget er rikt på funn frå førhistorisk tid/middelalder. Nyare tid har minne etter stølsdrift med fleirstølssystem. Eit sjeldant funn er Eggjasteinen, ei gravhelle med runeinnskrift. Ved Stedje kyrkje står ein bautastein med runeinnskrift frå kring 1100. Sogndalsdalen er viktigaste utfartstområde for folk i Sogndal. Det vert seld fiskekort og jaktkort i området.</p> <p>Denne rapporten freistar å strukturere og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som m.a. kan nyttast i kommunal forvaltning.</p>		
<b>SUMMARY IN ENGLISH</b>		
<p><i>The river Sogndalselvi is situated in the municipality of Sogndal in Sogn og Fjordane. In 1993 this watershed was protected against development of future water power plants.</i></p> <p><i>The Directorate of Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) have established a project "The values of nature protected areas".</i></p> <p><i>The County Governor of Sogn og Fjordane has worked out this report of the natural values of Sogndalselvi.</i></p>		
<b>5 STIKKORD PÅ NORSK</b>	<b>KEYWORDS IN ENGLISH</b>	
<i>Prosessar og former skapt av is og vatn</i>	<i>Landscapes developed by glaciers and water</i>	
<i>Biologisk mangfold</i>	<i>Versatile biological values</i>	
<i>Landskapsbilde</i>	<i>Forms of landscapes</i>	
<i>Friluftsliv</i>	<i>Open air activities</i>	
<i>Kulturminne</i>	<i>Culture Heritage and the Historical Landscape</i>	



## FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarlege for prosjektet "Verdiar i verna vassdrag" (VVV-prosjektet). Formålet er å gjøre kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har gjentekne gonger presisert at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheiter rammer for si forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne/-miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det også finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Prosjektleiar for VVV-prosjektet er Elisabet Rosendal. Ansvaret for utarbeiding av den enkelte rapport ligg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Sogndalselvi har sidan vedtak i Stortinget 1. april 1993 vore verna mot vasskraftutbygging. Denne rapporten er utarbeida av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2001. Rapporten presenterer fyldig dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved Sogndalselvi. Arbeidet er utført i samarbeid med Sogndal kommune. Arbeidet med rapporten er utført av cand. real Ole Kristian Spikkeland i firma *Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser*. Kontaktperson ved fylkesmannen si miljøvernavdeling har vore seksjonsleiar Jofred Takle. Konsulentfirmaet BioTjenester ved June Breistein har vore engasjert for å slutføre rapporten til trykking og utlegging på Internett.

Trondheim - Leikanger – Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning  
naturbruksavdelingen*

*Ola Skauge,  
avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat  
vassdragsavdelingen*

*Are Mobæk,  
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
miljøvernnavdelinga*

*Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef*



# INNHOLD

## FØREORD SAMANDRAG

<b>1.0 INNLEIING .....</b>	<b>13</b>
1.1 Generell skildring av Sogndalselvi.....	13
1.2 Hydrologi og vasskvalitet.....	15
1.3 Arealopplysningar .....	16
1.3.1 Inngrepsstatus .....	16
1.3.2 Kommuneplanstatus for Sogndal .....	16
1.3.3 Verneområde .....	17
1.4 Rapporten sine målsetjingar og begrensningar .....	17
<b>2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN.....</b>	<b>18</b>
2.1 Vassdragselement og dagens prosessar .....	18
2.2 Former og spor etter avslutta prosessar.....	19
2.3 Andre geofaglege element .....	20
2.4 Utvalde delområde og objekt.....	21
<b>3.0 BIOLOGISK MANGFALD.....</b>	<b>22</b>
3.1 Ferskvassbiologi .....	22
3.2 Naturtypar .....	23
3.3 Vilt.....	24
3.4 Raudlisteartar.....	25
3.5 Utvalde delområde og objekt.....	26
<b>4.0 LANDSKAPS BILDE .....</b>	<b>27</b>
4.1 Landskapsregion og sær preg .....	27
4.2 Framtredande landskaps element.....	28
4.3 Utvalde delområde og objekt.....	29
<b>5.0 FRILUFTSLIV.....</b>	<b>30</b>
5.1 Friluftsområde .....	30
5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleder.....	31
5.3 Naturturisme .....	31
5.4 Jakt og fiske.....	32
5.5 Utvalde delområde og objekt.....	33

<b>6.0 KULTURMILJØ .....</b>	<b>34</b>
6.1    Vassdragsrelaterte kulturmiljø.....	34
6.2    Verdifulle kulturlandskap .....	35
6.3    Andre kulturminne/-miljø .....	36
6.4    Utvalde delområde og objekt.....	37
<b>7.0 AKTUELLE TRUGSMÅL.....</b>	<b>38</b>
<b>8.0 LITTERATUR .....</b>	<b>39</b>
<b>9.0 KRITERIUM OG VERDISETJING BRUKT I RAPPORTEN .....</b>	<b>42</b>
9.1    Metode .....	42
<b>10.0 KART.....</b>	<b>45</b>

**VEDLEGG**      Registreringsskjema

## **SAMANDRAG**

Sogndalselvi (vassdragsnr. 077.3Z) ligg hovudsakleg i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane. Berre eit mindre areal i nordaust tilhører Luster kommune. Vassdraget drenerer fjellområda mellom Jostedalsbreen og Sogndalsfjorden. Sogndalselvi vart verna mot kraftutbygging i 1993.

Sogndalselvi sitt nedbørfelt spenner over forskjellige naturtypar frå fjord til høgfjell med innslag av brear. Vegetasjonsbildet er dominert av bjørk og gråor opp til skoggrensa. Nederst i hovuddalføret har lauvskogen innslag av edellauvtre, og i midtre delar av Sogndalsdalen dominerer furuskog. Sentrale delar av nedbørfeltet er prega av dyrka mark, slått og beiting. I fjellet er lågalpin sone best utvikla og dominert av lyngartar. Dei høgstliggjande områda har alpine trekk og er vegetasjonslause. Store område nord, vest og aust i nedbørfeltet er utan tyngre tekniske inngrep. Nordlege delar av nedbørfeltet ligg innanfor grensene til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det knyter seg størst naturfagleg interesse til ei mektig endemorene sør for Anestølsvatnet som tidlegare har demt opp dette vatnet 18-20 m. Frå Skjeldestad og nedover mot fjorden ligg det betydelege restar av eit breelvdelta som vart bygd opp til marin grense, ca. 130 m.o.h. Vassdraget har eit rikt artsutval av fuglar, derav fleire raudlista artar. Innan nedbørfeltet finst ein av regionen sine aller viktigaste lokalitetar for andefuglar; 15 artar er registrert, derav seks hekkande. Skogsområda har eit uvanleg rikt artsutval av spettar og sporvefuglar. Særlige for Sogndalsdalen er at både oseaniske og austlege planteartar opptrer saman. Ein del sjeldsynte artar førekjem, spesielt i myrområda. I Fremstedalen finst eit stort og sjeldant velutvikla bestand av gråor-heggeskog med innslag av austlege artar. Sogndalselvi er lakse- og sjøaureførande, og enkelte vatn har innlandsaure av god kvalitet. Ferskvassfaunaen er svært artsrik, spesielt innan gruppa døgnfluger. Vassdraget er rikt på funn frå førhistorisk tid/middelalder, mellom anna stein- og flintøksar, graver, sverd, spydspiss og mogleg øydegard. Nyare tid har minne etter stølsdrift med fleirstølssystem. Eit sjeldant funn er Eggjasteinen, ei gravhelle med runeinnskrift. Ved Stedje kyrkje står ein bautastein med runeinnskrift frå kring 1100. I området er det verdifulle innslag av gamle kulturmarkstypar som bjørkehagar, einerbakkar og slatteenger. På Stedje står ei bygdemølle som var i drift i perioden 1893-1972. Sogndalsdalen gir moglegheiter for eit stort spekter av friluftslivaktivitetar, og er viktigaste utfartsområde for folk i Sogndal. Det vert seld fiskekort og jaktkort i området.

Denne rapporten freistar å strukturere og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som kan nyttast i kommunal forvaltning.

Rapporten omfattar fem hovudgrupper av fagtema:

- |               |                                                |
|---------------|------------------------------------------------|
| <i>Kap. 2</i> | <i>Prosessar og former skapt av is og vatn</i> |
| <i>Kap. 3</i> | <i>Biologisk mangfold</i>                      |
| <i>Kap. 4</i> | <i>Landskapsbilde</i>                          |
| <i>Kap. 5</i> | <i>Friluftsliv</i>                             |
| <i>Kap. 6</i> | <i>Kulturminne/kulturmiljø</i>                 |

Desse faglege tema vert vurdert etter VVV-faglege kriterium (eigne hovudkriterium og støttekriterium for kvar hovudgruppe), og deretter sortert etter tre verdikategoriar:

*Nasjonal verdi (\*\*\*)*

*Regional verdi (\*\*)*

*Lokal verdi (\*)*

Dei viktigaste naturfaglege verdiane i Sogndalselvi er samanfatta i tabellar og vist på kart bakerst i rapporten (opplysningar om kulturfaglege verdiar utanom kulturlandskap er ikkje handsama på denne måten). Eit konsentrat av verdiane vert gjengitt i tabellane nedanfor. Referansenumra i tabellane samsvarar med nummereringa på kartene og i teksten for øvrig.

#### Prosesser og former skapt av is og vatn (P)

<b>Nr</b>	<b>Namn delområde</b>	<b>Verneverdi</b>	<b>Temakart nr.</b>
P1	Anestølsvatnet, sørenden	Regional	1
P2	Frudalen	Regional	1
P3	Skjeldestad	Regional	1
P4	Nedre Tverrdalsvatnet	Lokal	1
P5	Tuftahaug, Langedalen	Lokal	1
P6	Anestølen	Lokal	1
P7	Kvanngro, Laugadalen	Lokal	1
P8	Dalavatnet, nord	Lokal	1
P9	Gjesthaug-Hundershagen	Lokal	1

#### Biologisk mangfold (B)

<b>Nr</b>	<b>Namn delområde</b>	<b>Verneverdi</b>	<b>Temakart nr.</b>
B1	Jostedalsbreen	Nasjonal	2
B2	Sogndalselvi	Regional	2
B3	Dalavatnet nord	Lokal	2
B4	Tverrdalen	Lokal	2
B5	Tylderingen	Lokal	2
B6	Reppanipa	Lokal	2
B7	Fremstedalen	Lokal	2
B8	Tylda-Tyldestølen	Lokal	2
B9	Aust for Slakkafjellet	Lokal	2

Landskap (L)\*

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
L1	Dalavatnet	Lokal	3
L2	Anestølsvatnet	Lokal	3
L3	Stilla	Lokal	3
L4	Tugga	Lokal	3
L5	Oksli	Lokal	3
L6	Barnakona	Lokal	3

\* I tillegg vert inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2, høvesvis 3-5 km og 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, vist

Friluftsliv (F)

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
F1	Jostedalsbreen-Anestølen	Nasjonal	4
F2	Dyrhovden-Torstadnakken	Regional	4
F3	Sogndalselvi	Regional	4
F4	Tylderingen-Åberge	Lokal	4
F5	Nerestad	Lokal	4
F6	Vatnasete	Lokal	4

Kulturminne (K)\*

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
K1	Flugeim	-	5
K2	Stenehjem	-	5
K3	Lauvhaug	-	5
K4	Drevdal	-	5
K5	Heimdal	-	5
K6	Anestølen	-	5

\* VVV-prosjektet føretok ikke verdivurdering av kulturminne

Dei faglege vurderingane i rapporten byggjer i stor grad på eksisterande litteratur, opplysningar i Naturbasen, tidlegare granskningar og opplysningar frå Sogndal kommune. Dei viktigaste skriftlege kjeldene er samanstilt bakerst i rapporten.

# 1.0 INNLEIING

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i fellesskap starta opp eit prosjekt for å gjere kunnskapen om verna vassdrag lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar vassdragsnære område. *VVV-prosjektet ("Verdiar i verna vassdrag")* skal dokumentere og gjere verdiane i dei verna vassdraga meir synlege. Dette skal gjerast gjennom å utarbeide rapportar med kartvedlegg etter ein felles mal. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag, først skal vite kva verneverdiar som finst der. På denne måten reknar DN og NVE med at skadelege inngrep i større grad vert unngått. I Sogn og Fjordane har fylkesmannen si miljøvernnavdeling ansvaret for å utarbeide vassdragsvise rapportar.

## 1.1 Generell skildring av Sogndalselvi

Sogndalselvi er eit mellomstort vassdrag som drenerer fjellområda mellom Jostedalsbreen og Sogndalsfjorden, ein sidearm av Sognefjorden. Elva renn frå Steindalsbreen i nord og ca. 25 km i søraustleg retning mot tettstaden Sogndalsfjøra (Fjøra). Nedbørfeltet dekkjer til saman 175 km<sup>2</sup>. Med unnatak av eit mindre areal i nordaust, som tilhører Luster kommune, ligg nedbørfeltet i Sogndal kommune. Nedbørfeltet grensar i nord mot Jostedalsbreen nasjonalpark.

Hovuddalføret Sogndalsdalen/Fremstedalen har eit slakt og relativt jamnt lengdeprofil, medan sidedalane er markert brattare. Fjellformene har eit avrunda preg. Den største breen innanfor nedbørfeltet er Steindalsbreen. Landskapet i fjellområda er prega av botnar. Dei to vatna Dalavatnet og Anestølsvatnet er framtredande landskapselement i hovuddalføret. Den høgaste toppen i nedbørfeltet (1 604 m.o.h.) ligg ved Gunvordalsbreen i nordvest.

Det er få større tekniske inngrep i vassdraget. I hovuddalføret set store areal med dyrka mark, slåtte- og beitemark sitt preg på landskapet. Forutan busetnad er det ein del fritidsbebyggelse og stølar i området. Fleire stader oppover dalen er det innplanta gran. Ny stamveg 5 er nyleg bygd gjennom Sogndalsdalen og vidareført med tunnel til Fjærland. Nederst ved Sogndalsfjøra er Sogndalselvi med nærområde sterkt påverka av inngrep.

Nedbørfeltet vert dekt av M711/N50-kartblada 1317 I (Fjærland), 1317 II (Leikanger), 1417 III (Sogndal) og 1417 IV (Solvorn).

Nedbørfeltet omfattar høgdegradienten frå fjord til høgfjell, kor ein suksessivt passerar den sørboreale, mellomboreale, nordboreale og alpine vegetasjonsona. Samtlege soner er representert med sine svakt oseaniske seksjonar. Den sørboreale regionen strekkjer seg opp langs Sogndalselvi til eit stykke nedanfor Dalavatnet. Her er det mykje lauvskog, spesielt på austsida av elva. Ein del av denne skogen har innslag av edellauvskog, men bjørk og gråor er dei dominerande treslaga. Innslaget av furu er også betydeleg. I mellom- og nordboreal region er barskogs- og spesielt lauvskogsinnslaget betydeleg. Her finst også våtmarkslokalitetar i tilknyting til dei to store vatna i området, Dalavatnet og Anestølsvatnet.

Størstedelen av nedbørfeltet hører inn under den alpine regionen. Her er lågalpin sone best utvikla og dominert av lyngartar. Dei høgastliggjande områda har alpine trekk og er vegetasjonslause.

Dei sørlegaste delane av Sogndalselvi sitt nedbørfelt tilhører den naturgeografiske region 37e; *Vestlandet sin lauv- og furuskogsregion*, underregion *Sogn og Fjordenes indre fjordstrøk*. Områda nord for Dalavatnet tilhører region 35d: *Fjellregionen i sørvestre del av fjellkjeden*, underregion *Jotunheimen*.

Sogndalselvi sitt nedbørfelt har eit kjøleg oseanisk til svakt kontinentalt klima med forholdsvis låg årsnedbør. Årsnedbørnormalen er ca. 1 000 mm i nedre strøk og ca. 1 500 mm i øvre dalstrøk. I øvre fjellområde er nedbøren oppe i 3 000 mm. Ved Selseng (421 m.o.h.) i nordenden av Dalavatnet er årsnedbøren 1 543 mm, med maksimum i september (208 mm) og minimum i april (57 mm). I Sogndal (10 m.o.h.) er årsmiddeltemperaturen 6,3 °C, med juli som varmaste månad (15,0 °C) og januar som kaldaste månad (-1,5 °C). Temperaturen vil vere ein del lågare i høgareliggjade område.

Dei nordlegaste delane av nedbørfeltet ligg innanfor grensene til Jostedalsbreen nasjonalpark. Det knyter seg stort naturfagleg interesse til ei mektig endemorene sør for Anestølsvatnet som tidlegare har demt opp dette vatnet 18-20 m. Frå Skjeldestad og nedover mot fjorden ligg det betydelege restar av eit breelvdelta som vart bygd opp til marin grense, ca. 130 m.o.h. Vassdraget har eit rikt artsutval av fuglar, derav fleire raudlista artar. Innan nedbørfeltet finst ein av regionen sine aller viktigaste lokalitetar for andefuglar; 15 artar er registrert, derav seks hekkande. Skogsområda har eit uvanleg rikt artsutval av spettar og sporvefuglar. Særeige for Sogndalsdalen er at både oseaniske og austlege planteartar opptrer saman. Ein del sjeldsynte artar førekjem, spesielt i myrområda. I Fremstedalen finst eit stort og sjeldant velutvikla bestand av gråor-heggeskog med innslag av austlege artar. Sogndalselvi er lakse- og sjøaureførande, og enkelte vatn har innlandsaure av god kvalitet. Ferskvassfaunaen er svært artsrik, spesielt innan gruppa døgnfluger. Vassdraget er rikt på funn frå førhistorisk tid/middelalder, mellom anna stein- og flintøksar, graver, sverd, spydspiss og mogleg øydegard. Nyare tid har minne etter stølsdrift med fleirstølssystem. Eit sjeldant funn er Eggjasteinen, ei gravhelle med runeinnskrift. Ved Stedje kyrkje står ein bautastein med runeinnskrift frå kring 1100. I området er det verdifulle innslag av gamle kulturmarkstypar som bjørkehagar, einerbakkar og slåtteenger. På Stedje står ei bygdemølle som var i drift i perioden 1893-1972. Sogndalsdalen gir moglegheiter for eit stort spekter av friluftslivaktivitetar, og er viktigaste utfartsområde for folk i Sogndal. Det vert seld fiskekort og jaktkort i området.

Sogndalselvi vart verna mot kraftutbygging gjennom vedtak i Stortinget 1. april 1993 (Verneplan IV). Kontaktutvalet for verneplan for vassdrag uttalar følgjande om Sogndalselvi i den forutgåande vurderinga av vernespørsmålet (NOU 1991: 12A *Verneplan for vassdrag IV*):

*"Utvalget peker på de store natur- og kulturfaglige verdiene og vassdragets betydning som utfartsområde for lokalbefolkningen. Sogndalselvi er dessuten representativ for indre fjordstrøk i Sogn. Utvalget foreslår at objektet tas med i verneplanen."*

Stortinget har gjentekne gonger slege fast at andre inngrep i dei verna vassdraga som kan redusere deira verdi for naturvern, friluftsliv og vitenskap, må søkjast unngått.

I 1994 vart det vedteke Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Retningslinjene føreset at kommunane skal klassifisere og forvalte vassdraget og nærliggjande areal innan eit nærrare definert vassdragsbelte.

## 1.2 *Hydrologi og vasskvalitet*

Sogndalselvi (077.3Z) sitt nedbørfelt har eit kjøleg oseanisk til svakt kontinentalt klima med forholdsvis låg årsnedbør. Mesteparten av nedbørmengda kjem om hausten. Flaum førekjem både i samband med snøsmeltinga om våren og ved store nedbørmengder om hausten. Elva har eit jamnt tilsig av smeltevatn frå brear og snøfonner gjennom mesteparten av sommaren.

Sogndalselvi er med sine om lag 175 km<sup>2</sup> eit middels stort vassdrag som drenerer fjellområda mellom Jostedalsbreen og Sogndalsfjorden. Vassdraget strekkjer seg frå Sogndalsfjøra og ca. 25 km i nordvestleg retning inn til Store Tverrdalsvatnet, som ligg i ein botn under Tverrdalstind. Hovuddalføret er svært slakt. På dei første 21 kilometrane fram til Anestølen er stigninga 1:45. Vassdraget har difor ein stor låglandsdel. Sidedalane er markert brattare.

I hovuddalføret finst eitt stort basseng, Dalavatnet (395 m.o.h.), som ligg vel 11 km ovanfor fjordmunningen og er ca. 5,5 km langt. Ved innosen til Dalavatnet ligg eit mindre våtmarksområde som Selsengselvi (Still) flyt stille gjennom. Nokre km lenger opp ligg Anestølvatnet (441 m.o.h.). Både nord og sør for Anestølvatnet er det mindre våtmarksområde. Eit tredje større vatn, Store Tverrdalvatnet (1 225 m.o.h.) ligg i den høgalpine delen av nedbørfeltet i nordaust.

Nedbørfeltet får ei noko asymmetrisk pæreform ved at hovuddalføret ligg forskyvd mot den nordaustre delen. Dei største tilløpa kjem frå vest-nordvest. Rekna frå sør har vassdraget desse større elvane: Reipa, Gunvordalselvi, Frudalselvi og innerst Langedalselvi og Tverrdalselvi. Vasskiljet i nordvest og nordaust omfattar breområde som når opp i 1 600 m.o.h.

Vasskvaliteten i nedbørfeltet er gjennomgående god. Vassprøve teken i Sogndalselvi i 1989 viste låge verdiar for leidningevne (1,85 mS/m) og kalkinnhald (1,03 mgCa/l). Aluminiumsinnhaldet vart målt til 50 µg/l og pH 6,8.

Lokalt vil beitedyr kunne føre til noko vassforureining.

## **1.3 Arealopplysningar**

### **1.3.1 Inngrepsstatus**

Sjølv om sentrale delar av Sogndalselvi sitt nedbørfelt er forholdsvis sterkt berørt av tekniske inngrep, er store område nord, vest og aust i nedbørfeltet utan tyngre tekniske inngrep. Pr. 1.1.1998 låg eit mindre område ved Gunvordalsbreen og Myrdalsbreen lengst vest i nedbørfeltet innanfor ei sone >5 km frå nærmeste tekniske inngrep ("villmarksprega område"). Nord og aust for dette området ligg ei sone 3-5 km frå nærmeste tekniske inngrep ("inngrepsfrie område sone 1"). Ei tilsvarende sone strekkjer seg frå Frudalen til Store Tverrdalsvatnet lengst nordvest i nedbørfeltet, mellom Torstadnakkene og Tverrdalsreset nordaust i nedbørfeltet og i eit område kring Blåfjellet sørvest i nedbørfeltet. Mellom desse randområda og hovuddalføret Sogndalsdalen/Fremstedalen ligg eit enda større areal i ei sone 1-3 km frå nærmeste tekniske inngrep ("inngrepsfrie område sone 2"). Områda er viste på temakart nr. 3 bak i rapporten. Inngrepsstatus har ikkje endra seg i perioden 1988-98.

Som heilheit er Sogndalselvi sitt nedbørfelt prega av jordbruk og fruktdyrking og ein del busetnad, men vasstrengen er stort sett intakt. Det er få tyngre tekniske inngrep i vassdraget. Det finst 159 gardsbruk i Sogndalsdalen med vel 9 000 daa jordbruksareal, mesteparten grasproduksjon med husdyrhald og i nedre delar noko bær- og fruktdyrking. I tillegg kjem vel 3 000 daa dyrkbar jord. Forutan busetnad er det ein del fritidsboligar og stølar i området. Fleire stader oppover dalen er det innplanta gran. Ny stamveg 5 vart i 1994 opna gjennom Sogndalsdalen og vidareført til Fjærland gjennom den 6 746 m lange Frudalstunnelen. Nedre del av nedbørfeltet ved Sogndalsfjøra er sterkt påverka av busetnad, ulike tettstadsfunksjonar og større veganlegg. I dette området er også delar av elva forbygd. Ca. tre km før Sogndalselvi sitt utløp i Sogndalsfjorden kryssar to parallelle kraftlinjer hovuddalføret. Traséane skil lag både i aust og vest. Ei avgreining følgjer ca. to km nedover langs vassdraget. Nordover langs austsida av Sogndalsdalen følgjer ei 22 kV kraftlinje. Hundsvatnet 770 (m.o.h.) på fjellet aust for Sogndalsdalen har tidlegare vore regulert i samband med eit lokalkraftverk som no er nedlagt. Kraftverksinntaket er enno ikkje lukka. Store delar av nedbørfeltet vert nytta som utmarksbeite for sau. Lokalt beitar også storfe, hest og geit. Det føregår framleis noko stølsdrift i området.

### **1.3.2 Kommuneplanstatus for Sogndal**

Føresegne til kommunedelplan for Sogndalsdalen frå 1994 legg til grunn eit 100 m byggjeforbot mot vatn og vassdrag. Planen innheld mange byggeområde for hytter. For tettstaden Sogndalsfjøra gjeld fleire reguleringsplanar.

### **1.3.3 Verneområde**

Nordlegaste delar av nedbørfeltet ligg innanfor grensene til Jostedalsbreen nasjonalpark.

## **1.4 Rapporten sine målsetjingar og begrensningar**

Formålet med denne rapporten er å samanstille og presentere på ein oversiktleg måte eksisterande kunnskap om natur-, kultur-, landskaps- og friluftsfaglege verdiar i Sogndalselvi sitt nedbørfelt. Rapporten er skriven med utgangspunkt i ein rettleiar som er utarbeidd av DN og NVE i september 1997.

Datagrunnlaget som denne rapporten byggjer på har vekslande kvalitet, og for fleire av fagområda manglar detaljkunnskap.

*Difor kan det også finnast andre verdiar som har betydning for Sogndalselvi sin verneverdi enn dei som er påpeika i denne rapporten.*

## **2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN**

Dokumentasjonen av berggrunnsgeologiske og kvartærgeologiske tilhøve i Sogndalselvi sitt nedbørfelt bygger på geologiske kart over landsdelen, kvartærgeologisk kart og utgreiingar for Sogn og Fjordane og verneplan IV-utgreiingar for Sogndalselvi. I NOU 1991: 12B vart verneverdien for geofag vurdert som *stor*:

*"Landskapet i fjellområdene er preget av botner der det til dels ligger breer. I noen av botnene ligger det vann. Hoveddalen er relativt slak og jevnt stigende opp til Anestølsvatnet (441 m.o.h.). Herfra og oppover er terrenget brattere og går over i markerte dalender opp mot fjellområdene. Dalens tverrprofiler vitner om iserosjon, men U-formen er til dels utvistet av skredavsetningar i dalsidene.*

*Det er lite løsmasser i fjellområdene. Sør til Dalevatnet er det skredmateriale som dominerer i dalsidene. Sør for Anestølsvatnet ligger en mektig endemorene som tidligere har demt opp vannet 18-20 m. Fra Skjeldestad og nedover mot fjorden ligger det betydelige rester av et breelvdelta som var bygd opp til marin grense.*

*Sogndalselvi er et typisk vassdrag for de middelstore dalene i midtre og indre fjordstrøk. Særlig er isavsmeltingsforløpet godt dokumentert. De resente prosessene og formene skiller seg ikke ut fra tilsvarende daler på Vestlandet."*

### **2.1 Vassdragselement og dagens prosessar**

Dagens fluviale aktivitet i nedbørfeltet er generelt sparsam. Langs elva finst fleire mindre elvesletter, men elva renn for det meste på fjell. Ved Sogndalsfjøra, der Sogndalselvi renn ut i Sogndalsfjorden, ligg betydelege elveavsetningar. Det finst også større elveavsetningar ved innløpet og utløpet av Anestølsvatnet, i nordenden av Dalavatnet (fleire hundre meter langt delta dekt av myr), ved Gunvorsdalselvi sitt utløp i Dalavatnet og ved Reipa sitt utløp i Sogndalselvi. Ved Svedal ligg ei grov, aktiv elvevifte.

Ved Kvanngrø i Laugadalen, ca. 300 m nedanfor Laugavatnet, ligg ein 90 m lang og 5-6 m høg markert blokkrygg parallelt med elva på sørsida av denne. På motsatt side av elva er det ei aktiv skredvifte. Ryggen si plassering tyder på at det er ei skredavsetning, kanskje ei vinterur, avsett frå nord.

I dalsidene i dei nordlege delane av nedbørfeltet dominerer skredmateriale. Det finst spesielt mykje skredmateriale på austsida hovuddalføret på strekninga Selseng-Anestølen og kring Langedalen og Tverrdalen nord for Anestølen. Snøskred er den mest vanlege prosesstypen, men andre typar som flaumskred og steinskred førekjem også. Skreda går gjerne heilt ned mot dalbotnen, der ein finn ei blanding av skredmateriale og botnmorene. I enkelte høgtliggjande fjellområde dekkjer forvitringsmateriale små areal.

I nedre del av hovuddalføret renn Sogndalselvi ganske stri og har fleire stader erodert djupe canyonar.

Langs grenseområda nord og vest i nedbørfeltet dekkjer brear og store snøfonner betydelege areal. Størst er Steindalsbreen i nord, Frudalsbreen i nordvest og Gunvordalsbreen/ Myrdalsbreen i vest.

## **2.2 Former og spor etter avslutta prosessar**

Hovuddalføret Sogndalsdalen har U-forma tverrprofil og slak stigning, medan sidedalane er brattare. Landskapet i fjellområda er prega av botnar. I dei høgaste fjellområda er det lite lausmassar. Over ca. 1 000 m.o.h. ligg berggrunnen stort sett i dagen, gjerne under eit tynt torvlag. Forvitningsjord førekjem, særleg i område med glimmerskifer, t.d. på Reppanipa. I resten av fjellområdet er det stort sett tynt og usamanhengjande morenedekke og mindre myrar. Urar er vanleg i bratte parti.

I brenære strok i Tverrdalen, Langedalen, Frudalen og Laugadalen finst endemorenar. Framfor Nedre Tverrdalsvatnet ligg ein svært spiss og markert endemoren som demmar opp vatnet. Mellom Nedre og Øvre Tverrdalsvatnet ligg inntil seks parallelle sidemorenar. Ved Tuftahaug i Langedalen ligg to parallelle endemorenar mellom Tverråni og Langedalselvi. Det finst også fleire endemorenar vestover i Haugabotn mot Frudalsbreen.

Frudalen er ein typisk breerodert dal som er variert både med omsyn til geomorfologiske, glasiologiske og kvartærgeologiske tilhøve; hengjande dalar, tersklar og trau (Frudalsvatnet), alpine fjellformasjonar, fjellplatå (restar av den paleiske flata frå Tertiær), botn- og platåbrear og ende- og sidemorenar.

I eit område i sørenden av Anestølsvatnet og sørover til Selseng ligg mektige moreneavsetningar som er avsett framføre brear frå Frudalen og hovuddalen. Like etter at breane trekte seg tilbake, demma avsetninga Anestølsvatnet ca. 18-20 m høgare enn i dag. Det vart då avsett eit delta av breelvmateriale i nordenden av Anestølsvatnet. Restar av desse avsetningene finn ein i dag ved stølen og litt lenger sør, på austsida av dalen. Materialet er lagdelt sand, grus og stein, og jordartane er delvis dekte av skredmateriale.

Randmoreneavsetninga sør for Anestølsvatnet har imponerande storleik. Breidda er 2-300 m, og det er målt opp til 70 m med lausmassar over fjellet, ca. 25 m under elva i dag. Elva har skore seg ned midt i ryggen og seinka vatnet til dagens nivå. På austsida av elvefaret er det eit opp til 150 m breidt og 15 m djupt smeltevassløp. Materialet er ei blanding av morenemateriale og meir sortert grushaldig materiale med stein. Heile ryggen er relativt permeabel.

Langs Dalavatnet er det tjukt og samanhengjande morenedekke næraast vatnet, særleg på austsida. Høgare opp i dalsidene aust for vatnet er det tynnare morenedekke med innslag av vitningsjord. I sørenden av vatnet er morenedekket prega av haugar og rygger som kan vere restar av randmorenar. Eit blokkbelte på kvar side kan ha same opphav.

På vestsida av dalen frå Vassli og sørover er det tjukke, blokkrike avsetningar av botnmorene opp til ca. 600 m.o.h. Det er ein del myr oppå morenen, særleg sør for Reipa. På austsida av dalen er morenedekket tynnare, truleg pga. isbevegelse på tvers av dalen frå aust. Det er også ein del forvitningsmateriale aust for elva. Ved vegen mellom Gjesthaug og Hundershagen ligg ein lokalitet med djupforvitring i glimmerrik gneis, noko som er sjeldan i indre strok.

I dalbotnen mellom Hollekve og Kollsete er det restar etter breelvavsett sand, grus og stein langs elva. Ved Kollsete er det avsetningar av finkorna, sortert materiale under morene. Vidare nedover dalen til Tylden er det eit liknande mønster med tjukt morenedekke i dalbotnen på vestsida og tynnare dekke med ein del vitringsjord på austsida. Lokalt i forseinkninga kan det vere meir mektig morene også på austsida av dalen. Sør for Tylden er morenedekket tynnare, med mektigare avsetningar i forseinkninga. Ved Lereim er det igjen mektig morene. Langs elva er det her restar etter breelvavsett materiale.

Frå Skjeldestad og nedover mot utløpet i Sogndalsfjorden ligg restar av eit breelvdelta i form av sand og grus opp til ca. 130 m.o.h. Denne avsetninga markerar marin grense i området. Massane vert finare lenger ut og mot djupet. Nederst ved fjorden er elvetransportert materiale, som er avsett i tida etter isavsmeltinga. Elva renn stort sett på fjell.

## 2.3 Andre geofaglege element

Det meste av bergartane i nedbørfeltet tilhører grunnfjellet, men dei er sterkt påverka av den seinare kaledonske fjellkjedefaldninga. Området ligg på nordvestgrensa av foldningsgrøfta i den kaledonske fjellkjeda, der grunnfjellsplater er skjøvne over kvarandre og oppå yngre bergartar.

Berggrunnen i området kan delast i tre einingar: Grunnfjellet, ei skifersona og skyvedekket. Grensene mellom einingane fell mot søraust, og vil nokre stader vere vanskeleg å lokalisere pga. dei store omdanningane under fjellkjedefaldninga.

Grunnfjellet ligg nordvest i området og sentralt nedover Sogndalsdalen til Lereim-Hausa. Bergartane er for det meste gneiss og granitt med soner av augegneis, pegmatitt og amfibolitt. Dei er stort sett harde og næringsfattige. Mot grensa til skiferen er grunnfjellet omdanna og forskifra.

I eit smalt belte tvers over dalen ved Lereim-Hausa, og nordover på austsida av dalen og i området kring Reppanipa, finn ein skifersona. Bergartane er truleg omdanna sediment, av vesentleg kambro-silurisk alder. Den viktigaste bergarten er fyllitt. Den kan innehalde noko kalk og lag med marmor og kvartsskifer.

Skiferbergartane har stort sett gunstigare verknad på jordsmonnet enn grunnfjellsbergartane. Særleg fyllitt forvitrar lett og kan frigjere viktige næringsemne som kalium, kalsium og fosfor. I dei nedre delane av vassdraget hører berggrunnen til undre del av Jotundekket. Mot grensa til skifersona er bergartane oppknuste og forskifra til mylonitt. Elles er det i Sogndalsområdet mest mangerittiske bergartar og gneiser.

Myr opptrer fleire stader i høgdepartia aust og vest for hovudvassdraget og i botnen av hovuddalføret og dei større sidedalane i nordvest. Nokre av dei største myrområda finst ved Laugavatnet inst i Laugadalen, ved innløpet til Dalavatnet (Stilla) og ved innløpet og utløpet av Anestølsvatnet. Myrkonsentrasjonen er størst i høgdenivået 400-850 m.o.h.

## **2.4 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser geologiske/kwartærgeologiske delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 1 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
P1	Anestølsvatnet, sørenden	Randmorene	1	Regional
P2	Frudalen	Breerodert dal med brear ol.	1	Regional
P3	Skjeldestad	Marin grense-terrassse	1	Regional
P4	Nedre Tverrdalsvatnet	Randmorenar	1	Lokal
P5	Tuftahaug, Langedalen	Endemorenar	1	Lokal
P6	Anestølen	Breelvdelta	1	Lokal
P7	Kvanngår, Laugadalen	Markert rygg/aktiv skredvifte	1	Lokal
P8	Dalavatnet, nord	Delta overdekt av myr	1	Lokal
P9	Gjesthaug-Hundershagen	Forvitring i glimmerrik gneis	1	Lokal

## **3.0 BIOLOGISK MANGFALD**

Kunnskapen om biologisk mangfold i Sogndalselvi sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Sogndal kommune, frå ulike kartverk, publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen og frå Samla Plan- og verneplan IV-utgreiingar for Sogndalselvi. I NOU 1991: 12B vert det påpeika at vassdraget har store naturfaglege verdiar og er representativt for indre fjordstrøk i Sogn. Særleg dei nedre delane er betydeleg influert av menneskeleg verksemd, dette saman med den nye stamvegen til Fjærland gjer at vassdraget er lite eigna som referansevassdrag. Nordlegaste delar av vassdraget inngår i Jostedalsbreen nasjonalpark.

### **3.1 *Ferskvassbiologi***

Sogndalselvi sitt nedbørfelt er rikt på ferskvasslokalitetar. Innsjørar, elvar, bekkar og mindre vassførekomstar førekjem i ulike utforminger. Nokre av vassførekomstane er påverka av kaldt smeltevatn med høgt partikkelinnhald frå brear.

Sogndalselvi er ei av dei få uregulerte lakse- og sjøaureelvane i Indre Sogn. Det er bygd tre laksetrappar i elva, og laksen går i dag ca. fem km opp frå sjøen. Gytetilhøva er noko därlege, men vassdraget vert kultivert med utsetjing av laks. I sesongane 1998-2000 vart det fanga høvesvis 67, 252 og 485 kg laks og 16, 62 og 103 kg sjøaure i Sogndalselvi.

Aure er einaste kjende innlandsfiskeart i nedbørfeltet. Auren er utbreidd i dei fleste vatn som ikkje er sterkt brepåverka. Enkelte vatn har god fiskekvalitet, men dei fleste vatna er noko overbefolka og har småfallen og tynn aure. pH-tilhøva i vatna er generelt gode. Fleire stader føregår fiskeutsetjingar/kultiveringsarbeid.

Den øvrige ferskvassfaunaen er svært artsrik samanlikna med andre vassdrag i regionen. Tettleiken av dyr er blant dei høgaste som er registrert på Vestlandet. Det er påvist 57 artar/grupper av evertebratar i vassdraget. Planktoniske krepsdyr og hjuldyr er representert med fem artar kvar, resten er ulike typar botndyr. Mangfaldet av døgnfluger er spesielt stort, med åtte artar. Svært mange forsuringsfølsomme artar er registrert i Sogndalselvi. Også produktiviteten er stor i nedbørfeltet.

I NOU 1991: 12B vert vassfaunaen sin verneverdi vurdert som *stor*.

### **3.2 Naturtypar**

Sogndalselvi sitt nedbørfelt spenner over forskjellige naturtypar frå fjord til høgfjell med innslag av brear. Vegetasjonsbildet er dominert av bjørk og gråor opp til skoggrensa ca. 850-950 m.o.h. I midtre delar av Sogndalsdalen dominerer furuskog. Sentrale delar av nedbørfeltet er prega av dyrka mark, slått og beiting.

Hovuddalen Sogndalsdalen er hovudsakeleg ein lauvskogsdal med bjørk og gråor som dei viktigaste treslaga. I sørvestlige delar har lauvskogen innslag av edellauvtrær. Sentralt i Sogndalsdalen dominerer furuskog. Fleire område har innslag av planta gran. Langs elvestrengene følgjer kantskog av gråor og hegg.

Nedbørfeltet har alpine trekk og er utan vegetasjon i øvre delar. Kring desse områda følgjer ei sone med snølievegetasjon. I fjellet er lågalpin sone best utvikla og dominert av lyngartar som blåbær og krekling, og enkelte stader blålyng.

Noko særegne for Sogndalsdalen er at både oseaniske og austlege artar opptrer saman i dette området. Ein del sjeldsynte artar førekjem, spesielt i myrområda. Bjørkeskogen er vanlegast i den indre delen av dalen. Dei fire ulike bjørkeskogstypane innan vassdraget er blåbær-, smørteg-, høgstaude- og lågurtbjørkeskog. Furuskogen kan karakteriserast som blåbærfuruskog med innslag av bjørk, osp og rogn. Gråor er eit vanleg treslag i Sogndalsdalen, og eit stort, sjeldant velutvikla bestand av gråor-heggeskog førekjem i Fremstedalen. Dette bestandet skil seg ut frå gråorskogar lenger vest ved at det har innslag av austlege artar, t.d. tyrihjelm. I Tverrdalen opptrer smørteg og tyrihjelm saman i ei bregneli, noko som er sjeldsynt.

Karplantefloraen i Sogndalsdalen er relativt rik og omfattar 360 artar. Det oseaniske elementet er forholdsvis svakt representert; alle dei fem registrerte artane er suboseaniske. Det varmekjære søraustlege elementet er representert med heile 21 artar, t.d. villauk, fagerknoppurt, bakkemynte, firfrøvikke og tjæreblom. Av dei 12 austlege artane er tyrihjelm den vanlegaste. Andre artar er strengstort, ein hybrid mellom storvassoleie og småvassoleie og dei nordaustlege artane kjertelvier og silkeselje. Fleirtalet av dei 84 fjellartane i nedbørfeltet har ei vid utbreiing i fjellkjeda. Ein del av fjellartane i området har ei austleg utbreiing på Vestlandet. Blant slike er fjellfiol, tranestorr, fjellstorr, snipestorr, kastanjesiv, setermjelt, tuearve og dvergsolcie. I tillegg til desse floraelementa finst nokre artar som ikkje er vanlege. Det gjeld breimyrull, myrkråkefot, småsivaks, veikveronika og sylblad. Fjellfloraen er rikast i fyllittområda på Tylderingen og Reppanipa. I licne på vestsida av Tylderingen og nordaustsida av Reppanipa er det rik myr- og skrentvegetasjon. Her veks fleire næringskrevjande og sjeldsynte artar, t.d. breimyrull og småsivaks. Vegetasjonen i området er svært artsrik. Slike vegetasjonstypar er sjeldsynte i Sogn og er bundne til område med kambrosiluriske bergartar.

Til saman 15 sørvestlege artar og 12 vassplanter er registrerte i nedbørfeltet. Fleire av desse veks i våtmarksenga Søylane, som ligg på austsida av elveosen lengst nord i Dalavatnet.

I NOU 1991: 12B vert den botaniske verneverdien i nedbørfeltet vurdert som *stor*.

### 3.3 **Vilt**

Hjort har tilhald i heile nedbørfeltet i sommarhalvåret, men trekkjer ut mot fjorden vinterstid. Det går viktige trekkvegar gjennom sentrale delar av Sogndalsdalen og Fremstedalen og ut og inn av nedbørfeltet i høgdepartia aust og vest for hovuddalføret.

Bestandane av hare, raudrev, mår og mink er store, medan oter er i ferd med å forsvinne frå vassdraget. Gaupe opptrer på streif.

Vassdraget har ein rik fuglefauna med heile 133 registrerte artar. Det store artsantalet gjenspeglar vassdraget si store spennvidde frå låglandsbiotopar med kulturartar til eit meir typisk alpint artsinventar. Tilsvarande er fleire fuglesamfunn godt representert. I NOU 1991: 12B vert landfaunaen sin verneverdi i nedbørfeltet vurdert som *svært stor*.

Av skogshøns er fjellrype utbreidd i dei høgastliggjande fjellområda på kvar side av hovuddalføret. Viktige heilårsområde for arten er: Tylderingen, Navarsetfjellet, Torstadnakken, Barnakona, Frudalsfjellet, Frudalshesten, Skjerdingane-Tugga og Blåfjellet. Dei viktigaste områda for lirype er lågareliggjande fjellområde på kvar side av Sogndalsdalen, vestre dalside ned mot Dalavatnet og botnen av Laugadalen og Frudalen. Orrfugl er utbreidd langs heile austre dalside av Sogndalsdalen og Fremstedalen og enkelte stader langs vestsida av desse dalføra. Storfugl er utbreidd i dalsida nord og aust for Slakkafjellet.

Heile 15 andefuglartar er registrert i nedbørfeltet, av desse er seks artar påvist hekkande: Brunnakke, krikkand, stokkand, bergand, svartand og siland. I tillegg er toppand, kvinand og laksand potensielle hekkefuglar innanfor vassdraget. Dette viser at ein innanfor Sogndalselvi sitt nedbørfelt har eit av regionen sine aller viktigaste område for andefuglar. Dei beste våtmarksområda finst i tilknyting til Dalavatnet og Anestølsvatnet. Våtmarksområdet kring elveosen i nordenden av Dalavatnet har også eigna hekke- og næringsbiotopar for ein del vadalar. Både smålom og storlom er påvist hekkande i nedbørfeltet.

Også artsutvalet av spettar og sporvefuglar er uvanleg rikt i Sogndalselvi sitt nedbørfelt. Det finst seks hekkande spetteartar. Det høge artstalet i nedbørfeltet reflekterer vassdraget si store spennvidde frå låglandsbiotopar med kulturartar som stare, skjor, gråsporv og gulsporv til eit typisk alpint artsinventar med heilo og heipiplerke som karakteristiske artar. Fleire austlege faunaelement er representert.

Det er registrert fleire sjeldsynte fugleartar i nedbørfeltet (Godø 1983): Sædgås, skjeand, taffeland, bergand, hønsehauk, sporvehauk, kongeørn, fiskeørn, vannrikse, åkerrikse, trane, grønstilk, tuteldue, snøugle, sporveugle, hærfugl, vendehals, gråspett, kvitryggspett og topplerke.

### **3.4 Raudlisteartar**

Fleire fugleartar og eit par pattedyrartar som er påtrefte i nedbørfeltet står oppført på den reviderte norske raudlista for truga pattedyr og fuglar (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Topplerke står oppført under kategori Ex? på raudlista; *artar som er utrydda som reproduserande i landet. Ex? angir artar som er forsvunne for mindre enn 50 år sidan.*

Åkerrikse står oppført under kategori E på raudlista; *artar som er direkte truga og som står i fare for å døy ut i nær framtid dersom dei negative faktorane får halde fram å verke.*

Hønsehauk, jaktfalk, hubro, snøugle, vendehals, kvitryggspett og fjellerke står oppført under kategori V på raudlista; *sårbare artar med sterkt tilbakegang, og som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane får halde fram å verke.*

Stjertand, skjeand, kongeørn, fiskeørn og vannrikse står oppført under kategori R på raudlista; *sjeldsynte artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon pga. låge individtal eller spreidd eller sparsam utbreiing.*

Smålom, storlom, sædgås og gråspett står oppført under kategori DC på raudlista; *omsynskrevjande artar som ikkje høyrer til kategori E, V eller R, men som pga. tilbakegang krev spesielle omsyn eller tiltak.*

Oter, gaupe, bergand, svartand og trane står oppført under kategori DM på raudlista; *omsynskrevjande og fåtalige artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som truga. For desse artane er bestandsovervaking ønskjeleg.*

Ein kan ikkje sjå bort frå at også andre raudlista artar opptre i nedbørfeltet, til dømes jerv (R), dvergspett (DC), piggsvin og ulike flaggermusartar (DM). Sjansen for å påtreffe slike artar vil truleg likevel vere størst blant lågareståande plante- og dyregrupper.

### **3.5 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til med omsyn til biologisk mangfald. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 2 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
B1	Jostedalsbreen	Nasjonalpark	2	Nasjonal
B2	Sogndalselvi	Anadrom fiskestrekning	2	Regional
B3	Dalavatnet nord	Våtmarksområde	2	Lokal
B4	Fremstedalen	Gråor-heggeskog	2	Lokal
B5	Tverrdalen	Sjeldsynt type bregneli	2	Lokal
B6	Tylderingen	Rik vegetasjon på kambro-silur	2	Lokal
B7	Reppanipa	Rik vegetasjon på kambro-silur	2	Lokal
B8	Tylda-Tyldestølen	Storfugl og orrfugl	2	Lokal
B9	Aust for Slakkafjellet	Storfugl og orrfugl	2	Lokal

## 4.0 LANDSKAPSBILDE

Landskap kan i planfagleg samanheng definerast som det samla fysiske miljøet som omgir oss utandørs. I omgrepene inngår naturgrunnlag, biologisk innhald, historisk innhald, symboltyding, identitet og estetiske kvalitetar. Landskapsbildet er totalinntrykket/opplevinga av landskapet som oppfattast med heile sanseapparatet. Her kjem også lydar og lukt inn. I internasjonal samanheng er landskap med eit naturleg og urørt preg ein av dei største opplevingsverdiane eit område kan by på.

Landskapet kan inndelast i ”småskala” og ”storskala” landskap. Her spelar terrengform, naturtilhøve og detaljinnhald inn. Storskala landskap vert kjenneteikna av store, einheitlege landskapsrom med få landskapselement. Småskala landskap skildrar ein mosaikk med mindre og fleire landskapsrom.

Kunnskapen om framtredande landskapselement i Sogndalselvi sitt nedbørfelt er henta frå topografiske, geologiske og kvartærgeologiske kart og verneplan IV-utgreiingar for Sogndalselvi. Omtala av landskapsregionar byggjer på den nasjonale inndelinga i landskapsregionar (Elgersma & Sønstebo 1995, Elgersma 1996, Elgersma & Asheim 1998).

### 4.1 Landskapsregion og særpreg

I følgje den nasjonale inndelinga i landskapsregionar ligg mesteparten av nedbørfeltet innanfor region 23: *Indre bygder på Vestlandet*. Breområda heilt nord i nedbørfeltet ligg innanfor region 17: *Breene*.

Region 23 er representert med to underregionar innanfor nedbørfeltet. Områda frå Sogndalsfjorden og opp til om lag ved Orrstad i Sogndalsdalen tilhører underregion 23.14: *Fruktbygdene i indre Sogn*. Regionen omfattar det ultimate fjordlandskapet på indre delar av Vestlandet. Landskapsinntrykket er dramatisk, med djupe fjordar og dalar omkransa av snokledte fjelltoppar. Sognefjorden med sidearmar er ei storform med bratte og høge fjellsider. Fjordsidene har markert linjering etter skyvedekka. Dei fleste skogtypane er representerte, og plantelivet er mangfaldig. I liene på nordsida av fjorden er det edellauvskog nederst og fattig furuskog øverst. Fjordløpet er vekslande både i storleik og form. Elvar og fossar ligg gøynt i små gjel under frodig vegetasjon og gjer lite av seg. Jordbruksmarka er den sterkeste landskapskomponenten. Det levande og fruktbare kulturlandskapet med fruktdyrking, husdyrhald og skogsdrift har lange historiske røter og er verdifullt for opplevingsverdien av landskapet. Områda nord for Orrstad i Sogndalsdalen ligg i underregion 23.12: *Veitastrond/ Sogndalsdalen*.

Fjellområda lengst nord i nedbørfeltet, med Steindalsbreen og høgdepartiet søraust for Tverrdalsvatnet, ligg innanfor region 17: *Breene*; underregion 17.4: *Jostedalsbreen*. Dei høgareliggjande områda er prega av snødekke, medan lågareliggjande område viser blåis. Breane sin framandarta struktur gjer dei eineståande i opplevingssamanheng. Det er store kontrastar til bredalane si fuktigkeit.

## **4.2 Framtredande landskapselement**

Hovudlandformene i nedbørfeltet er glasialt utforma. Kombinasjonen av snø- og bredekte høgfjell, frodige dalar/lisider og store innsjøar gir store landskapskontrastar, noko som igjen gir store opplevingsverdiar.

Sogndalsdalen er klart glasial i si hovudform, med basseng og tersklar i lengderetninga og U-forma tverrprofil. Dalføret er truleg utforma langs eit prekvartert, fluvialt dalsystem.

I fjellområda er det fleire botnar som dels er fylde med vatn; Styggebotn, Frudalsvatn, Langedalsvatn og Tverrdalsvatn. I det store og heile er botndanninga ikkje komen så langt at ein har fått utvikla eit typisk alpint landskap med skarpe eggar og tindar. Området kring Tverrdalstind minner mest om eit alpint terreng i dag. Stort sett har fjella behalde ein viss avrunda, gammal karakter, t.d. i grunnfjellsområdet i nordvest. Her er formene relativt jamne og regelbundne, og fjelloverflata er forma til avrunda, jamne sva.

I skiferområdet lenger sør i nedbørfeltet er landskapet meir ujamnt. Dei svake fyllittbergartane står som bratte skrentar mellom meir motstandsdyktige bergartar, særleg på austsida av dalen og sør for Dalavatnet. Dalen har her eit V-forma, asymmetrisk tverrprofil, noko som skuldast at skiferbergartane på austsida av dalen fell mot søraust.

Nederst vert hovuddalen breiare og har eit ope preg. Sogndalsdalen er hengjande i høve til Sogndalsfjorden som fylgje av meir konsentrert og aktiv iserosjon i fjordretninga.

I hovuddalføret er innsjøane Dalavatnet og Anestølsvatnet framtredande landskapselement. I nordenden av Dalavatnet ligg det særprega myr- og deltaområdet Stillå. Det knyter seg også landskapsmessig interesse til fjelltoppane Tugga (1 205 m.o.h.), Oksli (1 283 m.o.h.) og Barnakona (1 398 m.o.h.) like vest og nord for hovuddalføret. Desse fjelltoppane ligg mellom sidedalane Langadalen, Frudalen, Langedalen og Tverrdalen.

Nedbørfeltet er omkransa av fleire høge fjelltoppar. Aller høgast er Ryssebotnranan (1 604 m.o.h.), som ligg ved Gunvordalsbreen i vest. Vidare mot nord og aust ligg Frudalsbreen (1 598 m.o.h.), Steindalsbreen og Tverrdalstind (begge 1 585 m.o.h.).

Kjende landskapsmotiv frå Sogndalsdalen og kringliggjande dal- og fjellområde er truleg gjengitt på mange fotografi og maleri.

Verdifulle kulturlandskap er omtala i Kap. 6.

### **4.3 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle landskapsinteresser til. Løpenummeret for det enkelte delområde/objekt samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 3 bak i rapporten. På temakartet er også innteikna villmarksprega område og inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2 i nedbørfeltet (sonene høvesvis >5 km, 3-5 km og 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep).

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
L1	Dalavatnet	Innsjø	3	Lokal
L2	Anestølsvatnet	Innsjø	3	Lokal
L3	Stillå	Myr- og deltaområde	3	Lokal
L4	Tugga	Landemerke og utsiktspunkt	3	Lokal
L5	Oksli	Landemerke	3	Lokal
L6	Barnakona	Landemerke	3	Lokal

## **5.0 FRILUFTSLIV**

Kunnskapen om friluftslivsinteresser i Sogndalselvi sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Sogndal kommune, frå lokale turistkontor, frå ulike publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen og frå verneplan IV-utgreiingar for Sogndalselvi. I NOU 1991: 12B er området sin verdi for friluftsliv vurdert som *svært stor*.

*"Sogndalsdalen gir muligheter for et stort spekter av friluftslivsaktiviteter, og er det viktigste utfartsterrenget for Sogndals befolkning. Området er mye brukt til turgåing sommer og vinter, og har også stor verdi for både jakt og fiske. Det finnes en del tilrettelegging for friluftslivet, og området er både i fylkes- og kommuneplan pekt ut som friluftsområde. Øvre deler av vassdraget ligger innenfor den foreslalte Jostedalen nasjonalpark."*

### **5.1 Friluftsområde**

Sogndalselvi sitt nedbørfelt er eit naturskjønt område som er godt eigna til utøving av ulike friluftsaktivitetar heile året. Dette gjeld både dei lågliggjande områda, som har innslag av kulturlandskap, og dei kringliggjande fjellområda, som har innslag av urørd natur. Dei indre og høgareliggjande områda har stabilt vinterklima med gode snøtilhøve.

Dei vanlegaste friluftsaktivitetane er fotturar, skiturar, sykkelturar, bær- og soppturar, kano-/kajakkpadling, jakt og fiske. Det er badeplassar ved Vatnasete og Nerestad i Dalavatnet.

Nedbørfeltet vert mest brukt til dags- og helgeturar. Brukarane er lokalbefolkinga i Sogndal og tilliggjande område, hytteeigarar og tilreisande turistar, mellom anna utlendingar. Mellom brukarane er lokale idrettslag, speidargrupper, jeger- og sportsfiskarlag og turlag. Det finst enkelte overnatningsbedrifter i nedbørfeltet, dessutan ei rekke private hytter og stølsområde. Det er opparbeidd P-plassar ved Anestølen, Vatnasete, Kleiv, Hollekve, Kollsetestølen og ved Åsen. I tillegg finst P-plassar som ikkje er tilrettelagde.

Fjellområda kring Sogndalsdalen er viktige område for fotturisme i sommarhalvåret og skiturisme i vinterhalvåret. Store delar av nedbørfeltet har merka tursti. Dei høgastliggjande områda byr på mektig utsikt. Frå stien mellom Åberge og Åsen er det fin utsikt over Sogndalsfjøra og kringliggjande fjell- og fjordområde, og frå Tugga er det fin utsikt over Sogndalsdalen.

Store delar av nedbørfeltet er i fylkesdelplan for arealbruk (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2000) definert som regionalt og nasjonalt viktige friluftsområde. Dette gjeld fjellområda vest for Sogndalsdalen frå Dyrhovden/Drevdal og nordover, og aust for Dalavatnet frå Svedal og nordover. Lengst nord i nedbørfeltet ligg Jostedalsbreen nasjonalpark, kor det er høve til å gå breturar. I følgje FRIDA-registeret er nasjonalparken og tilstøytande område sør til og med Anestølsvatnet rekna som nasjonalt viktige friluftsområde (Sogndal kommune 1998).

Områda mellom Tylderingen og Åberge aust for Sogndalsdalen er eit attraktivt og mykje brukturområde med lokal bruksverdi.

## **5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleder**

Det finst ingen turistforeningshytter innanfor nedbørfeltet. Ei turisthytte på Vatnasete ved nordenden av Dalavatnet vert stundom brukt som leirskule. Under Reppanipa ligg ei svært mykje brukte speidarhytte, og ved Fagereggi disponerer Sogndal Jeger- og sportsfiskarlag hytte.

Det finst mange merka og umerka stiar og skiløyper i nedbørfeltet. Dei viktigaste er innteikna på *Turkart Sogndal-Leikanger* i målestokk 1:50 000, som vart utgitt i 1993. Det går merka fotrute frå Anestølen og vestover til Bergsdalen og Horpedalen i Fjærland. Fotruta følgjer den gamle ferdsselsvegen over fjellet. Ein annan farbar gammal ferdsselsveg går frå Sogndal til Eggja. Frå vegen er det fin utsikt til mange av grindene i Sogndalsdalen. Andre merka fotruter er: Åberge-Nuken (5-6 t), Åberge-Åsen (3 t), Hillestad-Nuken (4 t), Svedal-Kleiv (3,5-4 t), Vatnasete-Togga (4-5 t, flott utsikt over Sogndalsdalen), Hollekve-Fagereggi-Hollekve (3-4 t) og Hollekve-Fjærlandsleitet-Raunehaug (5 t). I tillegg vert ei rekke gamle stølsvegar og landbruksvegar brukt til fotturar. Også bomvegen til Anestølen er ein viktig turveg.

Om vinteren er Hollekve skianlegg i Sogndalsdalen utgangspunkt for korte og lengre skiturar og for aktivitetar i alpinbakkan. Skiløype vert kjørt opp frå Hollekve og sørvestover langs Reipa mot Høgehaug, Fjærlandssete og Fagraeggi. Det er vedteke reguleringsplan for lysløypetraserar rundt SIL-hytta i Hollekve. P-plass for ca. 300 bilar. Alpinsenteret på Hollekve har eit 900 m langt skitrekk og to slalomløyper.

Svedal ved Dalavatnet er utgangspunkt for skiturar på austsida av Sogndalsdalen. P-tilhøva er likevel svært därlege. Andre utgangspunkt for skiturar er Åsen, Åberge, Resaland og Lereimstølen. Utanfor nedbørfeltet i sørvest er Mannsverk i Øvstedalen eit mykje brukt utgangspunkt for turar inn i Sogndalselvi sitt nedbørfelt.

Sogn og Fjordane Turlag og Sogndal Turlag brukar store delar av fjellområda i nedbørfeltet til sine organiserte turar.

## **5.3 Naturturisme**

Bruken av Sogndalselvi sitt nedbørfelt i reiselivssamanheng har auka monaleg etter at stamveg 5 gjennom den vakre Sogndalsdalen og vidare over til Fjærland via Frudalstunnelen vart opna i 1994. Langs vegen er det ein svært forseggjord rastepllass ved Selseng, m.a. med informasjon om geologien i området. Mykje turisttrafikk følgjer også Rv55, som kryssar vassdraget nær utløpet i Sogndalsfjorden.

Sogn er eit viktig nasjonalt turistområde. I tillegg til utstrakt bil- og bussturisme, seglar mange cruiseskip på Sognefjorden. Det vert også arrangert lokale sightseeingturar med sjøfly i området. Felles for denne turismen er at dei kontrastrike naturskapte kulissane mellom Sognefjorden og Jostedalsbreen utgjer sentrale element i landskapsopplevinga.

Det er mange alternativ for overnatting fleire stader i og like utanfor nedbørfeltet. I tillegg finst ei rekke privathytter og stølsområde som er i jamleg bruk.

Dalavatnet byr på gode vilkår for vass- og båtbasert friluftsliv. Nerestad søraust i Dalavatnet er eit mykje brukt privateigd friområde som er godt eigna til bading, fiske, padling og rastepllass. Vatnasete ved utløpet av Selsengselvi er ein privateigd odde som er attraktiv for bading, padling, fiske mm. For ålmenta er dette eit viktig tilkomstområde til vatnet.

Det finst gode sykkelvegar fleire stader i nedbørfeltet, bl.a. langs den gamle fylkesvegen gjennom Sogndalsdalen til Selseng/Anestølen.

Eit område vest for Slakkafjellet og eit mindre område ved Sogndalsfjøra er dekt av O-kart (turorientering).

På Anestølen nord for Anestølsvatnet kan turistar vitje ein geitestøl som er i full drift med 600 geit. Kring stølen ligg eit fint kulturlandskap med flott turterreng, og i elva og Anestølsvatnet er det hove til å fiske fin aure.

Distrikshøgskulen i Sogndal nyttar Sogndalselvi sitt nedbørfelt aktivt i samband med undervisning og forskning.

## 5.4 Jakt og fiske

Det finst gode naturtilhøve for både storviltjakt og småviltjakt i Sogndalselvi sitt nedbørfelt. Dei viktigaste jaktbare artane er hjort, hare, fjellrype, lirype, storfugl og orrfugl. Det føregår noko sal av jaktkort og utleige av hjortevald i nedbørfeltet.

Det er gode tilhøve for fiske i fjellvatna og i Sogndalselvi. Fritidsfiske er populært, og det vert seld fiskekort for fleire vatn. Det er mest innanbygdsofolk som kjøpar fiskekort. Aure er einaste kjende fiskeslag. Tilstanden i vatna er generelt bra, og pH-tilhøva er gode. Aure på over kiloen er ikkje uvanleg å få. Mange av vatna er noko overbefolka og har småfallen og tynn aure. Fleire stader føregår fiskeutsetjing/kultiveringsarbeid.

Det er utarbeidd fisketiltaksplan for innlandsfiske i Sogndal kommune (1998). Sogndalselvi sitt nedbørfelt vert omfatta av til saman fem fiskekortsoner:

*Sone 4 Slinde-Øvstedalen* omfattar det fiskelause Vetlavatnet som ligg sør for Lereimstølen.

*Sone 5 Tylderingen-Åberge* omfattar fem innsjøar på høgdedraget aust for Sogndalsdalen. Halsvatn, Hundsvatn, Kyraugo og Kiggjavatnet er alle overbefolka og har liten (<200 g) til middels stor (2-300 g) aure. Tilhøva i Vetlavatn er usikker.

*Sone 6 Sogndalsdalen* omfattar Dalavatnet og Anestølsvatnet og vatna aust, nord og vest for desse. Dalavatnet og Anestølsvatnet har middels stor aure, medan Frudalsvatnet har stor aure med vekter opptil 1 kg. På fjellet aust for Dalavatnet har Navarsetevatnet og Stenagheimsvatnet liten til middels stor aure. Dei andre vatna skal vere utan fisk, til dømes Store Tverrdalsvatnet, Styggebotnvatnet og Laugavatnet. Anestølsvane og Selsengelva, som renn frå Anestølsvatnet til Dalavatnet, har alle fin bekkaure.

*Sone 7 Fageregg* omfattar fem vatn vest for Reppanipa. Fagreggivatnet, Kollsetevatnet og Britasteinsvatn har alle middels stor aure, Rysetevatn har liten aure, medan tilhøva er usikre for Skavvatnet. Fagreggivatnet har i ein periode vore utsett for eit for hardt garnfiske.

*Sone 8 Sogndalselvi* omfattar anadrom strekning nederst i Sogndalselvi. Den lakse- og sjøaureførande strekninga i Sogndalselvi er vorten forlenga ved hjelp av tre fisketrapper i høvesvis Fossfossen, Ingafossen og Flugheimsfossen. Ved bygginga av fisketrapp i Flugheimsfossen i 1998 vart den lakseførande strekninga forlenga frå to til fem km.

Fisket i Sogndalselvi vert disponert av Sogndal Jeger- og sportsfiskarlag. I perioden 1989-1995 vart det årleg oppfiska 450-900 kg laks og sjøaure. I sesongane 1998-2000 vart det oppfiska høvesvis 67, 252 og 485 kg laks og 16, 62 og 103 kg sjøaure i Sogndalselvi.

Lakse- og sjøaurestammene i Sogndalselvi er verdifulle fordi elva er ei av dei få uregulerte elvane i Indre Sogn. Sogndalselvi er med i Direktoratet for naturforvaltning sin handlingsplan for lakseelvar.

I kommunedelplan for idrett og friluftsliv (1998) er det føreslått tilrettelagd fiskeplass for funksjonshemma ved Svedal ved Dalavatnet og nederst i Sogndalselvi.

## 5.5 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle friluftsflaglege interesser til. Løpenummeret for det enkelte delområde/objekt samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 4 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Eigna bruk	Kart nr.	Bruksverdi
F1	Jostedalsbreen-Anestølen	Nasjonalpark/brenært område	4	Nasjonal
F2	Dyrhovden-Torstadnakken	Ski- og fotturar, jakt og fiske	4	Regional
F3	Sogndalselvi	Anadrom fiskekortstrekning	4	Regional
F4	Tylderingen-Åberge	Ski- og fotturar, jakt og fiske	4	Lokal
F5	Nerestad	Badeplass mv.	4	Lokal
F6	Vatnasete	Badeplass mv.	4	Lokal

## **6.0 KULTURMILJØ**

Kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø i Sogndalselvi sitt nedbørfelt er framskaffa gjennom ulike kart, publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogndal kommune eller regionen og gjennom kontakt med Sogndal kommune og lokale turistkontor. I NOU 1991: 12B er verneverdien vurdert som *svært stor*.

*"Området er rikt på verdifulle kulturminner som dekker et langt tidsrom. De kan bl.a. belyse stølsdrift med kontinuitet tilbake til forhistorisk tid. Her er varierte og verdifulle kulturlandskap med store opplevelsesverdier. Kulturminner og kulturlandskap har kunnskapsverdier i lokal og regional sammenheng, og de er nært knyttet til elvar og vann."*

SEFRAK-registreringar er gjennomført for heile Sogndal kommune. Registrering av kulturminne elles er nokså mangefull. I 1996 vart det utarbeidd ein kommunedelplan for utmark i Sogndal kommune, der forvaltning av kulturminne og kulturlandskap har ein sentral plass.

### **6.1 Vassdragsrelaterte kulturmiljø**

På sørsida av Sogndalselvi i Sogndalsfjøra ligg Stedje mølle, ei turbindriven bygdemølle som i ein lang periode har betydd mykje for Sogndal og nabobygdene. Mølla vart starta opp i 1893 og var i drift fram til 1972.

Sogndal har aldri vore noko typisk industribygd, men i mindre målestokk finn ein eit svært gammalt industrimiljø ved Sogndalselvi, 3–400 m ovanfor elveosen. Her var det fyrstikkfabrikk frå midt på 1800-talet, seinare ullvarefabrikk og saftfabrikk. I dag er den gamle fabrikkbygningen bygd om til eit moderne bygg for Høgskulen i Sogn og Fjordane. I 1911 vart det bygd eit eige elektrisitetsverk, med turbin på 200 kW. Dette var eit av dei første elektrisitetsverka i Sogn, eller jamvel på landsbygda i Norge i det heile. Kraftverket er i dag teke vare på.

Elvebakken aust for Sogndalselvi sitt utløp i Sogndalsfjorden er ein av dei gamle vegtrasèane i Sogndal. Her henta folk vatn og vaska kleda sine.

Ved Dalavatnet er det mange båtstøer og naust. I Sogndalsfjøra er det framleis bevart restar etter det gamle strandsitjarmiljøet, med trebebyggelse av ulik alder.

## **6.2 Verdifulle kulturlandskap**

Sogndalsdalen er betydeleg kulturpåverka. Fleire av gardane har gamle typar kulturmark som bjørkehagar, einerbakkar og slåtteenger. Det gir dalen eit vakkert preg. Dei tydlegaste spora etter kulturpåverknad i utmarka finn ein i tilknyting til stølar og husmannsplassar/småbruk der aktiviteten har vore størst. Men det er også større samanhengjande landskap utover desse områda som er sterkt kulturpåverka og som framleis ber sterkt preg av det. Døme på dette er: utslårter, beitepåverka landskap, bjørkehagar som viser lauving, einerbakkar og hogstpåverka landskap.

Helle & Austad (1989) og Sogndal kommune (1996) peikar ut følgjande kulturlandskap og stølsmiljø i Sogndalselvi sitt nedbørfelt som særleg verdifulle:

Ein ca. 20 daa stor hagemark på Flugeim vest for Sogndal sentrum har rein einerbakke, hasselhage, bjørkehage og overgangsformer mellom desse. I tillegg finst steingardar, ein stadvis oppmurt veg og spreidde utløer. Det varierte kulturlandskapet med hagemark, tekniske anlegg og utløer har trekk som er særprega for Sogndalslandskapet, oppbygd gjennom mange hundre år.

Ein ca. 50 daa stor hagemark på Stenehjem om lag tre km vest for Sogndal sentrum har ein bjørkehage i tilknyting til innmarksareal. Ved bjørkehagen finst også velutvikla einerbakkar på tørrberg, små urterike enger og hasselkratt. Hagemarka viser stor variasjon i kulturmarkstypar og suksesjonstrinn. Samstundes er området eit godt døme på korleis store delar av gardsarealet vart nytta tidlegare. Området har stor landskapsestetisk verdi, og er interessant i undervisning og forskning.

På Lauvhaug noko lenger nord i Sogndalsdalen ligg ei urterik slåtteeng som har ein variert artsrikdom og høgt innhald av fargerike urtar som blåklokke, prestekrage og engtjøreblom. Den ca. to daa store enga har ein vegetasjonsstruktur og artssamansetnad som er tilpassa langvarig bruk, spesielt kombinasjonen mellom sein slått og svakt beite. Enga representerer etter kvart eit viktig referanseområde for eldre, og gjerne lågproduktive, engsamfunn.

Drevdal eit par km sørvest for Resaland i Sogndalsdalen er eit heilskapleg stølsmiljø. Drevdal er ein heimestøl der bygningsmiljøet er samansett av sel og fjøsbygningar. I tilknyting til bygningane er det ei stor slåtteeng som er inngjerda av steingard. Sentralt inne på enga står ei høylo. Bygningsmiljøet og landskapet på stølen er etter kvart truga av forfall. Det er slutt med slått av stølsbøen, no vert bøen beita av storfe og sau.

Heimdal er ein fjellgard med heilskapleg kulturlandskap på nordsida av Dalavatnet. Delar av innmarka på garden har ein særeigen struktur, der dei brattaste partia er bygde opp som terrassar, og på ulike nivå står spreidde styvingstre og ei utløe. Dei øvre partia har urterik engvegetasjon. På tilgrensande område på grovsteina ur står spreidde styvingstre.

Nord for Anestølsvatnet ligg Anestølen, som framleis er i drift. Anestølen har eit velhalde beite landskap og eit bygningsmiljø som er teke vare på. Dette er den einaste fellesstølen i Sogndal med beiting av geit. Også sau og storfe beitar i området. Anestølen vert mellom anna brukt i turistsamanheng.

Store delar av Sogndalselvi sitt nedbørfelt vert utnytta til beite. Dei mest brukte beiteområda for sau og storfe ligg aust for Dalavatnet mellom Tylderingen og Navarsete. Laugadalen og Frudalen vert brukt til hestebeite, medan geit brukar områda nord for Anestølsvatnet med Langedalen og Tvertdalen.

### **6.3 Andre kulturminne/-miljø**

Det finst mange kulturminne i Sogndalselvi sitt nedbørfelt som ikkje er knytta direkte til vassdraget. Nedbørfeltet er rikt på funn frå førhistorisk tid/middelalder, mellom anna stein- og flintøksar, graver, sverd, spydspiss og mogleg øydegard. Nyare tid har minne etter stølsdrift med fleirstølssystem, dvs. flytting mellom stølar etter årstida. Som heilheit er vassdraget prega av jordbruk og fruktdyrking og ein del busetnad.

Ved fjorden og i Sogndalsdalen er det gjort funn etter jordbrukarar i yngre steinalder og bronsealder. Gravhaugar og funn viser gardsbusetnad i Sogndalsbygda gjennom heile jernalderen, i vikingtid inn til Fremstedalen. Eit sjeldant funn er Eggjasteinen, ei gravhelle med runeinnskrift, som truleg er frå tidleg på 600-talet. Dei nesten 200 teikna er truleg mynta på ånder og trollmakt. Det var kyrkjer på Stedje, Kvåle og Eggum og kapell på Åberge i middelalderen. Ved Stedje kyrkje står ein 1,9 m høg bautastein med runeinnskrift frå kring 1100: "*Olafr Konungr skaut milli steina dessa*". Det er funne spor etter jernutvinning, og i Fremstedalen skal det vere eit kleberbrudd. På fleire stølvollar er det tufter som kan vere frå jernalder/middelalder. Frå Anestølen går ein gammal ferdsselsveg til Bergsdalen og Horpedalen i Fjærland, og frå Dalavatnet er det fjellovergangar mot Veitastrand i aust. Ferdsla går truleg attende til førhistorisk tid. Ein gammal ferdsselsveg som går frå Sogndal til Eggja, er godt synleg og for det meste farbar i dag. Midtre og øvre del av Sogndalsdalen låg øyde etter Svartedauen.

Sogndalsfjøra har ei lang og interessant soge som tettbygd strandstad, og kan ha vore det naturlege senteret i prestegjelet i fleire hundre år. Her fann ein tidleg "sentrumsfunksjonar" som handelsverksemdu, mange handverkarar, landhandlarar og bakeriverksemduer. Folkelivet var frodig. Ein fann båtplass for bøndene, militære funksjonar og det første faste skulehuset i bygda. Her heldt dei ting – på Hofslund. Like i nærleiken budde presten, og på Stedje stod kyrkja.

Det finst nedteikningar attende til 1600-talet om busetnad i Sogndalsfjøra. I 1701 heldt 60-70 fastbuande menneske til her – i hovudsak strandsitjarar som livberga seg som dagleigarar. Hundre år seinare hadde folketalet auka til 222, og i 1900 var 427 personar registrerte som heimehøyrande på staden.

Fram mot 1900 vart næringsgrunnlaget i Sogndalsfjøra utvida og styrka. I 1891 var her måalarar, gullsmed, salmakar, snikkarar, skomakrar, bakrar, urmaker, blikkenslager, slaktar – og ti år seinare har Sogndalsfjøra fått forsikringsagent, telefonistinne, "automobil chauffør", fotograf og typograf. Sogndalsfjøra var ikkje lenger eit fattigkvarter, men var i ferd med å utvikle seg til eit handverks-, handels- og skulesenter. I dag er biletet av Sogndalsfjøra endra, men det er framleis mogleg å finne att nokre spor av det som ein gong var.

Stedje kyrkje vest for Sogndalselvi sitt utløp i fjorden er truleg ein av dei eldste kyrkjestedene i Sogn. Kyrkja hadde rang som fylkeskyrkje, eller hovudkyrkje. Desse kyrkjene var dei eldste kyrkjene i landet, truleg bygde i første del av 1000-talet. Dagens kyrkje vart bygd i 1867, samstundes som den gamle stavkyrkja vart riven. Hovudbygninga på Sogndal prestegard er frå 1837.

På gardane i Sogndalsdalen finst verdifulle bygningsmiljø og enkelthus, bl.a. gamle stabbur. Her er tufter og ruinar og enkelte bevarte hus etter husmannsplassane. Andre kulturminne frå nyare tid er stølar, kvernhus og sager, og spor etter desse byggverka. Det finst også mange steingjerde, rydningsrøysar, bakkemurar, terrassering av kulturmark, ferdsselsvegar, bruer, vatningsveitar og faste innretningar i samband med fiske og fangst. I samband med skogsdrift finn ein kulturminne som tjørehjellar, tømmerløyper, tømmerkoier og oppdemming av vatn til sagbruka. I samband med fôrhenting i utmark er det spor etter raukstø, lør, løypestrengar med meir. Slike kulturminne finn ein spreidd over store delar av utmarka.

Mange stølar og husmannsplassar/småbruk i nedbørfeltet vart nedlagde i perioden 1940-1960. Etter den tid har mykje av bygningsmassen forfalle og kulturlandskapet endra seg. Fleire stader er det mest berre grunnmurar att etter bygningar, eller bygningar er i dårlig stand. Sogndalsdalen har hatt fleirstølssystem. Vårstølane ligg som oftast att i skogen utan nokon funksjon i dag. Nokre nedlagde stølar og småbruk har vorte tilplanta med gran. Ein del stølsområde har fått ein ueinsarta bygningsmasse, fordi det er føreteke restaureringsarbeid eller bygd hytter i tilknyting til stølsområda. Mange stølshus er halden i hevd og vert brukt som fritidshus. Nokre stølshus vert framleis brukt i næring som gjeterhytte/kvilebu ved sanking og tilsyn med beitedyr.

#### **6.4 Utvalde delområde og objekt**

Tabellen nedanfor viser kulturlandskap som det knyter seg spesielle interesser til i nedbørfeltet. Løpenummeret for det enkelte delområde samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 5 bak i rapporten. Opplysningar om andre kulturfaglege delområde og objekt i nedbørfeltet er ikkje framstilt på denne måten.

Nr	Namn delområde	Kvalitetar	Kart nr.	Verneverdi*
K1	Flugeim	Kulturlandskap med hagemarker og utløer	5	-
K2	Stenehjem	Hagemark stor landskapsestetisk verdi	5	-
K3	Lauvhaug	Kulturlandskap med urterik slåtteeng	5	-
K4	Drevdal	Heilskapleg heimestølsmiljø med slåtteeng	5	-
K5	Heimdal	Fjellgard med heilskapleg kulturlandskap	5	-
K6	Anestølen	Geitestøl med verdifullt kulturlandskap	5	-

\* VVV-prosjektet føretok ingen verdivurdering av kulturlandskap og kulturminne

## **7.0 AKTUELLE TRUGSMÅL**

Høgfjellsområda i nordvestre delar av nedbørfeltet ligg vanskeleg tilgjengeleg og er pr. i dag ikkje berørt av tyngre tekniske inngrep. Desse områda vil truleg vere lite utsette for trugsmål også i framtida.

Nye terrengeinngrep bør ikkje finne stad i område som medførar at eksisterande inngrepsfrie naturområde vert redusert eller splitta ytterlegare opp. Slike inngrep kan øydeleggje eller uroe leveområde for spesielle plante- og dyreartar. Dei kan også øydeleggje viktige landskapselement, vere negative i høve til friluftslivsinteressene eller vere konfliktfylde i høve til kulturmiljø.

Avgrensing av nedbørfeltet til verna vassdrag bør visast i kommuneplanen sin arealdel.

## 8.0 LITTERATUR

1. Aune, B. 1993. Temperaturnormaler, normalperiode 1961-1990. Det norske meteorologiske institutt. *Rapport nr. 02/93.* 63 s.
2. Berget, K.K. 1989. Planteliste for Sogndal kommune. Sogn og Fjordane distrikthøgskule Skrifter 7, 84 s.
3. Direktoratet for naturforvaltning 1997. Naturforvaltning i kommunene – en oppslagsbok. *DN-håndbok 12-1997.*
4. Direktoratet for naturforvaltning 1998. *Inngrepsfrie naturområde i Sogn og Fjordane.* Kart i M=1:250 000.
5. Direktoratet for naturforvaltning 1999a. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. *DN-rapport 1999-3.* 162 s.
6. Direktoratet for naturforvaltning 1999b. Kartlegging av naturtyper – Verdisetting av biologisk mangfold. *DN-håndbok 13-1999.*
7. Direktoratet for naturforvaltning & Norges vassdrags- og energiverk 1997. *Dokumenterte verneverdier i vernede vassdrag - En veileder for tilrettelegging og vurdering av informasjon.* Foreløpig utgave. 51 s. + vedlegg.
8. Eie, J.A., Faugli, P.E. & Aabel, J. 1996. *Elver og vann – vern av norske vassdrag.* Grøndahl Dreyer og Norges vassdrags- og energiverk. 288 s.
9. Ekker, M. 1990. *Verneplan IV – Vilt, Sogn og Fjordane.* Direktoratet for naturforvaltning, 19 s.
10. Elgersma, A. 1996. *Landskapsregionar i Norge, med underregioninndeling.* Kart i M=1:2 000 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS).
11. Elgersma, A. & Sønstebo, G. 1995. Landskapet i Sogn og Fjordane. Delrapport II. *NIJOS rapport 6/95.*
12. Elgersma, A. & Asheim, V. 1998. Landskapsregioner i Norge – landskapsbeskrivelser. *NIJOS-rapport 2/98.* 61 s.
13. Fylkeslandbrukskontoret i Sogn og Fjordane 1990. *Verneplan IV for vassdrag.* *Fagrapport landbruk (jord- og skogbruk).* Notat, 31 s.
14. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1979. *Utkast til verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane fylke.*
15. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Utskrifter fra *Naturbasen* (register over verdifulle naturområde, viltområde og friluftsområde i Sogn og Fjordane fylke).

16. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane & Sogn og Fjordane fylkeskommune 1998. *Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane*. 63 s.
17. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane & Sogn og Fjordane Skogeigarlag 1998. *Oversiktskart over fiskekort i Sogn og Fjordane*. Kart i M=1:330 000.
18. Førland, E.J. 1993. Nedbørnormaler, normalperiode 1961-1990. Det norske meteorologiske institutt. *Rapport nr. 39/93*. 63 s.
19. Godø, G. 1983. Ornitologiske registreringar i Indre Sogn i samband med Samla plan for forvaltning av vassressursene sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Stensilert rapport.
20. Helle, T. & Austad, I. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogndal kommune. SFDH - *Kulturlandskap i Sogn og Fjordane*.
21. Håland, A. & Ugelvik, M. 1989. Ornitologiske undersøkelser i Sogn og Fjordane. Status 1989. Zool. mus., Univ. Bergen, *Rapp. Terr. økologi nr. 51*, 50 s.
22. Håland, A. & Ugelvik, M. 1989. Verneplan IV, Ornitologisk evaluering av 10 vassdrag i Sogn og Fjordane. Status 1989. Zool. mus., Univ. Bergen, *Rapp. Terr. økologi nr. 52*, 25 s.
23. Klakegg, O., Nordahl-Olsen, T., Sønstegaard, E. & Aa, A.R. 1989. *Sogn og Fjordane fylke, kvartærgeologisk kart M=1:250 000*. Norges Geologiske Undersøkelse.
24. Lien, I.K. 1990. *Verneplan IV – Fisk, Sogn og Fjordane*. Direktoratet for naturforvaltning, 45 s.
25. Miljøverndepartementet 1984. 313 Sogndalselvi. *Samla plan for vassdrag*. Vassdragsrapport.
26. Miljøverndepartementet 1994. *Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag*.
27. Moe, B. 1982. Flora og vegetasjon i Sogndalsdalen, Sogn og Fjordane. Univ. Bergen, Bot. Inst. *Rapp. 30*, 42 s.
28. Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
29. Nisja, E.G. 1990. *Fagrapporter i botanikk, Verneplan IV for vassdrag, Sogn og Fjordane fylke*. En sammenstilling for Samla Plan. NINA, foreløpig utgave, 42 s.
30. Nisja, E.G. 1990. *Fagrapporter i friluftsliv, Verneplan IV for vassdrag, Sogn og Fjordane fylke*. En sammenstilling for Samla Plan. NINA, foreløpig utgave, 52 s.
31. Nordiska Ministerrådet 1984. *Naturgeografisk regioninndelning av Norden*. 289 s. + kartvedlegg.

32. NOU 1991: 12A. Verneplan for vassdrag IV. 151 s.
33. NOU 1991: 12B. Verneplan for vassdrag IV. 373 s.
34. Odland, A. 1991. Klassifisering av vassdrag på Vestlandet ut fra deres floristiske sammensetning. *NINA Forskningsrapport 16*, 88 s.
35. Raddum, G.G. & Fjellheim, A. 1990. Verneplan IV, Ferskvannsbiologisk vurdering av vassdrag i Sogn og Fjordane. Zool. mus., Univ. Bergen, *Rapp. nr. 66*, 69 s.
36. Rye, N., Sulebak, J.R. & Soldal, O. 1991. Verneplan IV for vassdrag. Geofaglige undersøkelser i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal. Univ. Bergen, Geologisk inst., Avd. B, *Rapp. 91/01*, 108 s.
37. Sigmond, E.M.O., Gustavson, M. & Roberts, D. 1984. *Berggrunnskart over Norge*. M=1:1 000 000. Norges geologiske undersøkelse.
38. Sjong, M.L. 1988. *Friluftsliv og reiseliv i vassdrag i Sogn og Fjordane*. Fagrapport for Verneplan IV. Direktoratet for naturforvaltning, 146 s.
39. Sogndal kommune 1994. *Kommunedelplan for Sogndalsdalen*.
40. Sogndal kommune 1996. *Kommunedelplan for utmark. Temaplan*.
41. Sogndal kommune 1998. *Kommunedelplan for idrett og friluftsliv i Sogndal kommune. Framlegg til del II. Friluftsplan*.
42. Sogndal kommune 1998. *Fisketiltaksplan for innlandsfiske i Sogndal kommune*.
43. Sogndal kommune & Sogndal turistinformasjon (udatert). *Historisk vandring i Sogndalsfjøri*. Brosjyre. 2 s.
44. Sogn og Fjordane fylkeskommune 2001. Fylkesdelplan for arealbruk.
45. Statens kartverk 1988/1988/1996/1997. Topografiske kart i N50/M711-serien; kartblad 1317 II (Leikanger), 1417 III (Sogndal), 1317 I (Fjærland) og 1417 IV (Solvorn). M=1:50 000.
46. Statens kartverk 1993. *Turkart Sogndal-Leikanger*. M=1:50 000.
47. Statens kartverk 1995. *Jostedalsbreen*. M=1:100 000.
48. Thingstad, P.G. 1988. Ornitologiske befaringer i aktuelle Verneplan IV-vassdrag i Sogn og Fjordane sommeren 1988. *Økoforsk Notat 1988: 4*, 66 s.
49. Aa, A.R. & Sønstegaard, E. 1994. Kvartærgeologisk verneverdigheit førekommstar og område i Sogn og Fjordane. *Utredning for DN 1994-9*. Direktoratet for naturforvaltning.

## 9.0 KRITERIUM OG VERDISETJING BRUKT I RAPPORTEN

### 9.1 Metode

For å peike ut dei viktigaste dokumenterte verneverdiane, nyttast kriterium. Det er utarbeidd eit sett av kriterium for kvar av dei fire gruppene av verneverdiar i VVV-prosjektet. Kriteria vert brukte etter definisjon, slik at ein får anten "ja" eller "nei" som svar på spørsmålet om eit område har kvalitetar som oppfyller dei krav som er omtala.

Kriterium som skildrar dei viktigaste verdiane, vert omtala som *hovudkriterium*. Kriterium av sekundær betydning, og som skildrar ein tilleggsverdi, vert omtala som *støttekriterium*.

Tabellen nedanfor viser kva tema og kriterium som er brukt i VVV-prosjektet:

Inndeling av verneverdiar i VVV-prosjektet	Fagområde brukt i Verneplan for vassdrag I-IV, nå inkludert	Hovudkriterier i VVV-prosjektet	Støttekriterier i VVV-prosjektet
